



Øystre Slidre kommune

Saksframlegg

ArkivSak: 18/2021
ArkivID: K2 - S82
Saksbehandlar: Ola Hålimoen

Saksnr.	Utval	Møtedato
72/18	Formannskapet	23.08.2018

Nasjonale rammer for vindkraft på land - innspel om viktige regionale interesser

Vedlegg:

15.08.2018	Analyseomr Oppland	117023
15.08.2018	Kart med eksklusjonsomr sone 8	117024

Bakgrunn for saka:

Norges vassdrags- og energidirektorat(NVE) arbeider etter bestilling frå Olje- og energidirektoratet (OED) med å identifisere dei mest egna områdene for vindkraft på land. Formålet med den nasjonale rammen er å bidra til at dei beste vindkraftlokalitetane blir vald når det vert søkt om konsesjon. Områda skal veljast ut med utgangspunkt i vindressursar og nettkapasitet og avstemmast mot andre viktige miljø og samfunnsomsyn. Kommuner, fylkeskommuner og fylkesmannsembeter inviteras til å koma med faglege innspel om viktige regionale interesser. Frist for å koma med innspel er 20. september 2018. NVE sitt framlegg blir sendt på høyring i regi av OED med muligheiter for politiske innspel og generelle synspunkt på den nasjonale rammen.

Saksutgreiing:

Det er utarbeidd kart for 43 analyseområder. I det vidare arbeidet skal NVE gjennomføra overordna analyse for å koma fram til dei mest egna områda for vindkraft. Gjennom 'hard og mjuk eksklusjon' ekskluderas lite egna område noko som gjev grunnlagskart som blir godt utgangspunkt for det vidare analysearbeidet. Hard og mjuk eksklusjon er definert slik i notat:

Med «hard eksklusjon» menes eksklusjon av arealer som er uaktuelle for vindkraftutbygging på grunn av teknisk/økonomiske forhold, eller på grunn av at arealene er formelt vernet eller tilsvarende.

Med «myk eksklusjon» menes eksklusjon av arealer der virkninger for én enkeltinteresse i mange tilfeller tilsier at det ikke bør bygges vindkraftverk.

Kartvedlegg 'Analyseomr Oppland' syner analyseområde for Oppland, mens kartvedlegg 'Kart med eksklusjonsomr sone 8' syner detalj for sone 8 der områder for hard og mjuk eksklusjon er markert.

Som de går fram av kart for analyseområde ligg areala i Øystre Slidre innafor område som strekker seg frå Vinsteren i sør til Vågåmo i nord og frå Bygdin-Vågåmo i vest til Gubrandsdalen i aust. Etter at område med eksklusjon er tatt ut ligg mesteparten av områda nord for Vinsteren inne i analyseområde som skal avklarast nærare i samband med vidare arealanalyser.

Viktig grunnlag for arealanalyser er nasjonale/landsdekkande basar for aktuelle temaområde. Utfordringa er at få basar er landsdekkande og kvaliteten på data varierar. For å

kompanisere for dette og framskaffe betre kunnskapsgrunnlag blir det utarbeida i alt 19 temautgreiingar, jf. NVE si heimeside: <https://www.nve.no/nasjonal-ramme-for-vindkraft-pa-land/> . Som det går fram av oversikt manglar pr. i dag 8 av 19 notat/rapportar. Bland disse er notat/rapport om reiseliv som er av særleg interesse for Ø Slidre

Vurdering:

Det føreligg etter rådmannen sin vurdering manglar i kunnskapsunderlag for regionale interesser innanfor analyseområde for Ø. Slidre:

- Kartlegging og verdsetting av friluftsområde (DN handbok 25) vart vedtatt som deltema i stig- og løypeplan (friluftspan) vedtatt 2012. I notat 'Faggrunnlag for friluftsliv' Fig. 2 over kartleggingsstatus for friluftsområder går det fram at kommunen ikkje har starta arbeidet med kartlegging og verdsetting av friluftslivsområde. Tema kartlegging og verdsetting av friluftsområde er under revisjon i samband med nasjonalt kartleggingsprosjekt (veglear M98-2013) med forventa vedtak i løpet av hausten.
- Områda nord for Vinstre er vurdert som **svært viktige** friluftsområde (regional/nasjonal tyding) med slik inndeling i områdetyper:
 - Stølsområda langs Jotunheimvegen er klassifisert som 'særlege kvalitetsområde' (SK). Truleg mest aktive fjellstølsområde i ladet med tradisjonell drift med ku og geit (8 stølar i drift 2018). Nyare arkeologiske utgravingar tyder på kontinuerleg bruk av området frå eldre steinalder til dagens stølsdrift. Dette er unikt for innlandet og fjellområda. Områda på Valdresflya og Vinsterflya høyrer også til dette eldgamle haustingsområdet (jakt/fiske).
 - Områda aust for FV 51/Fisketjerna er klassifisert som 'Store turområde utan tilrettelegging' (TU).
 - Områda vest for FV 51/Fisketjerna er klassifisert som 'Utfartsområde' (UO)
- Område frå Fisketjerna og austover er i friluftspan definert som 'sårbar' område, dvs. området skal være 'stille område' der maskinpreparerte løyper ikkje er tillate, og berre enkle tilretteleggingstiltak er tillate på barmark for merking av stigar og kanalisering av ferdsl.

Rådmannen merkar seg at notat/rapport om reiseliv som er av særleg interesse for Øystre Slidre, ikkje føreligg.

Rådmannen legg saka fram med slikt forslag til vedtak:

Formannskapet har i samband med utarbeidang av nasjonale ramar for vindkraft følgjande merknader til kunnskapsgrunnlaget for regionale interesser innanfor analyseområde for Ø. Slidre:

- Kartlegging og verdsetting av friluftsområde (DN handbok 25) vart vedtatt som deltema i stig- og løypeplan (friluftspan) vedtatt 2012. I notat 'Faggrunnlag for friluftsliv' Fig. 2 over kartleggingsstatus for friluftsområder går det fram at kommunen ikkje har starta arbeidet med kartlegging og verdsetting av friluftslivsområde. Tema kartlegging og verdsetting av friluftsområde er under revisjon i samband med nasjonalt kartleggingsprosjekt (veglear M98-2013) med forventa vedtak i løpet av hausten.
- Områda nord for Vinstre er vurdert som **svært viktige** friluftsområde (regional/nasjonal tyding) med slik inndeling i områdetyper:
 - Stølsområda langs Jotunheimvegen er klassifisert som 'særlege kvalitetsområde' (SK). Truleg mest aktive fjellstølsområde i ladet med tradisjonell drift med ku og geit (8 stølar i drift 2018). Nyare arkeologiske utgravingar tyder på kontinuerleg bruk av området frå eldre steinalder til

dagens stølsdrift. Dette er unikt for innladet og fjellområda. Områda på Valdresflya og Vinsterflya høyrer også til dette eldgamle haustingsområdet (jakt/fiske).

- Områda aust for FV 51/Fisketjerna er klassifisert som 'Store turområde utan tilrettelegging' (TU).
 - Områda vest for FV 51/Fisketjerna er klassifisert som 'Utfartsområde' (UO)
- Område frå Fisketjerna og austover er i friluftspan definert som 'sårbart' område, dvs. området skal være 'stille område' der maskinpreparerte løyper ikkje er tillate, og berre enkle tilretteleggingstiltak blir tillate på barmark for merking av stigar og kanalisering av ferdsel.

Formannskapet merkar seg at notat/rapport om reiseliv som er av særleg interesse for Øystre Slidre, ikkje føreligg.

Formannskapet 23.08.2018:

Behandling:

Felles tillegg fra Formannskapet:

Formannskapet meiner desse områda ikkje er egna for utbygging av vindmøller og stiller seg utforståande på at det i heile tatt er vurdert.

Forslag til vedtak med tillegg vart samrøystes vedteke.

FS- 72/18 Vedtak:

Rådmannen legg saka fram med slikt forslag til vedtak:

Formannskapet har i samband med utarbeidang av nasjonale rammer for vindkraft følgjande merknader til kunnskapsgrunnlaget for regionale interesser innanfor analyseområde for Ø. Slidre:

- Kartlegging og verdsetting av friluftsområde (DN handbok 25) vart vedtatt som deltema i stig- og løypeplan (friluftspan) vedtatt 2012. I notat 'Faggrunnlag for friluftsliv' Fig. 2 over kartleggingsstatus for friluftsområder går det fram at kommunen ikkje har starta arbeidet med kartlegging og verdsetting av friluftslivsområde. Tema kartlegging og verdsetting av friluftsområde er under revisjon i samband med nasjonalt kartleggingsprosjekt (vegleiar M98-2013) med forventa vedtak i løpet av hausten.
- Områda nord for Vinstre er vurdert som **svært viktige** friluftsområde (regional/nasjonal tyding) med slik inndeling i områdetyper:
 - Stølsområda langs Jotunheimvegen er klassifisert som 'særlege kvalitetsområde' (SK). Truleg mest aktive fjellstølsområde i ladet med tradisjonell drift med ku og geit (8 stølar i drift 2018). Nyare arkeologiske utgravingar tyder på kontinuerleg bruk av området frå eldre steinalder til dagens stølsdrift. Dette er unikt for innladet og fjellområda. Områda på Valdresflya og Vinsterflya høyrer også til dette eldgamle haustingsområdet (jakt/fiske).
 - Områda aust for FV 51/Fisketjerna er klassifisert som 'Store turområde utan tilrettelegging' (TU).
 - Områda vest for FV 51/Fisketjerna er klassifisert som 'Utfartsområde' (UO)
- Område frå Fisketjerna og austover er i friluftspan definert som 'sårbart' område, dvs. området skal være 'stille område' der maskinpreparerte løyper ikkje er tillate, og berre enkle tilretteleggingstiltak blir tillate på barmark for merking av stigar og kanalisering av ferdsel.

Formannskapet merkar seg at notat/rapport om reiseliv som er av særleg interesse for

Øystre Slidre, ikkje føreligg.

Formannskapet meiner desse områda ikkje er egna for utbygging av vindmøller og stiller seg utforståande på at det i heile tatt er vurdert.

Rett møtebok: